

**REFERAT - KOMMUNEREFORM****Møte på kommunehuset Smia**

18.12.2017 kl. 09:30

**Til stades:**

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann

Berit Lyngstad, Personalsjef

Liv Oddrun Ytrebø, Personalsjef

Hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet, Sirikit Vågen


Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

**Agenda:**

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>1. Sentrale oppgåver på personalområdet</b>  - <b>Omstillingsavtale</b> Utkast til omstillingsavtale er no sendt ut på høyring. Personalsjefen i Volda, Berit Lyngstad, orienterte styringsgruppa om prosessen. Det har ifølgje Lyngstad vore uproblematisk å lage eit utkast til avtale, og gruppa som har sett på dette er samde om hovudrama. Konklusjonen frå arbeidet er at det er viktig at prosessen er føreseieleg for alle partar og at det er god medverknad der dette er aktuelt. Med tanke på frikjøp er dette noko som vil bli drøfta vidare, og det er viktig at dette står skrive i omstillingsavtalen. Det er også eit viktig moment at særskild råka partar skal få god informasjon, sjølv om det på dette tidspunktet er utfordrande å vere konkret. Partar som vert råka skal få så god og tidleg informasjon som mogeleg. Det vert også oppretta eit omstillingsutval som skal ta sjå på nye stillingar før 2020; om dette er noko som skal lysast ut eller om det er mogeleg å dekke behovet på andre måtar. I utkastet til avtale vert det lagt opp til ein restriktiv permisjonspolitik. Dette gjeld ikkje lovheimla permisjonar (t.d. fødsels- eller sjukepermisjon) eller velferds- og utdanningspermisjonar. Dette gjeld derimot spesielt permisjonar der ein har søkt og fått stilling andre stadar. Med tanke på særavtalar meiner arbeidsgruppa at det vil vere for tidleg å seie noko om dette før ein ser totalomfanget. Dette er derfor tema som kan takast opp att når ein bemanningsplan er utarbeidd. Prosjektleiaren føreslår at ein slik plan bør vere klar tidleg i 2019.	Personalsjefane i H+V

<p>- <b>Verdiar</b> Arbeidsgruppa fekk tilbakemeldingar frå PSU om at prosess på korleis arbeidsgjevarpolitikken må startast på. Eit viktig fundament for arb.giv.politikken er verdiane til kommunen. Det vart derfor løfta opp spørsmål på korleis denne prosessen best kan løysast. Tre framgangsmåtar vart diskutert:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) ei arbeidsgruppe sender ut eit forslag,</li> <li>2) ny felles prosess i både Hornindal og Volda,</li> <li>3) prosess i Hornindal og så samanfattar ei arbeidsgruppe det som vart gjort i Volda sin verdiprosess med resultatata i Hornindal.</li> </ol> <p>Etter diskusjonar i Styringsgruppa vart konklusjonen at ein ventar med denne prosessen med ny administrativ hovudstruktur er på plass.</p>	<p>Personalsjefane i H+V</p>
<p>- <b>Administrativ organisering</b> Prosjektleiaren ønskte å minne styringsgruppa på at det er ein pågåande prosess på ny administrativ organisering. Neste samling for leiarane er 25. januar 2018.</p>	<p>RS/AKL og personalsjefane H+V</p>
<p>- <b>Andre oppgåver/prosessar</b> Personalsjef Berit Lyngstad med innspel om at Volda til hausten 2018 vil gjennomføre ny runde med 10-faktor. Ho oppmodar Hornindal til å gjennomføre ei tilsvarande analyse før dei to kommunane slår seg saman. Rådmann Ann Kristin Langeland ønskte å bli lagt til som kopimottakar i Volda sin prosess for å få eit innblikk i denne prosessen med sikte på å kunne gjennomføre prosessen i Hornindal før samanslåinga 2020.</p> <p>Vidare vart det teke opp for styringsgruppa at temaet om frikjøp skal drøftast vidare med PSU. På eit tidspunkt må det setjast ned arbeidsgrupper som ser på arbeidsavtalar, særavtalar og liknande. Styringsgruppa ser på det som naturleg at dei har mynde til å setje ned desse arbeidsgruppene når tida er moden for dette.</p>	<p>BL/LOY</p> <p>Styringsgruppa/ arb.gruppe for omstilling</p>
<p>- <b>Felles leiarsamling i januar</b> Det vert arrangert ei felles samling for leiarar i Hornindal og Volda frå 18-19. januar. Denne samlinga vil bli arrangert i Ålesund, og temaet vil vere relatert til digitalisering og endringsleiing. Føremålet er å få god forankring på desse temaene fram mot ny kommune vert etablert.</p>	<p>Personalsjefane/ RS</p>

<b>Aktivitet</b> <b>2. Årshjul 1. halvår 2018 (sentrale aktivitetar – møteplan for Fellesnemnd og administrativ styringsgruppe).</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleiaren føreslo å setje opp eit årshjul for å 2018 med sentrale aktivitetar, møteplan og liknande. Dette for å ha god oversikt over framtidige prosessar og milepålar. Styringsgruppa kom fram til følgjande forslag til årshjul:</p>  <p>Det vart løfta fram spørsmål på møtet om når ein kan forvente seg at spørsmål rundt lokalisering av administrative funksjonar vert avklara. Prosjektleiar antyda at dette er meir oversiktleg rundt rett etter årsskiftet 2018/2019.</p> <p>For å få ein litt betre peikepinn på kva tenester som vert nytta ved dei to kommunehusa, vart det drøfta om ein skulle føre eit «rekneskap» på besøkande personar og kva type spørsmål dei to servicekontora får over ei bestemt periode. Styringsgruppa vil ta opp att dette temaet ved eit seinare høve for nærmare vurdering.</p>	<p>Styringsgruppa</p> <p>Styringsgruppa</p>

<b>Aktivitet</b> <b>3. Søknad om deltaking i partssamarbeid om digital kompetanse</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleiaren har sendt inn søknad på vegne av Nye Volda. Dersom Nye Volda skulle bli tatt opp i samarbeidet vil ein sjå nærmare på kven som er aktuelle å representere den nye kommunen. Aktuelle målgrupper er politikarar, tillitsvalde og leiarar.</p> <p>Konklusjonen vart at ein bør i tilfelle avgrense talet på personar slik at det ikkje blir så veldig mange som deltek på vegne av Nye Volda.</p>	<p>RS/ leiar Fellesnemnd</p>

Aktivitet 4. Alternative møtedatoar – Statens Kartverk	Ansvarleg oppfølging
<p>Statens Kartverk føreslo å møtast samstundes som den planlagde leiarsamlinga i januar. Prosjektleiaren føreslo derfor at Styringsgruppa kunne kome med nokre alternative datoar for eit møte.</p> <p>Forslag til datoar vart:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 16. februar</li> <li>- 21. februar</li> </ul> <p>Prosjektleiaren sender inn desse datoane som forslag til møtedato.</p>	RS

Aktivitet 5. Grensejustering	Ansvarleg oppfølging
<p><b>Bjørke:</b> Det har blitt sendt over eit felles datagrunnlag frå Volda og Hornindal til Fylkesmannen Møre og Romsdal. Prosjektleiarens vurdering var at dette var eit godt grunnlag.</p> <p>Vidare prosess i denne saka er at Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil kome med ei utgreiing. Til dette vert det ønskeleg at Fellesnemnda kjem med ei uttale. Endeleg innstilling vert venta rundt påsketider i 2018.</p> <p><b>Kjøs:</b> I høve grensejustering i Kjøs krins i Hornindal har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kome med innstilling at Kjøs krins vert ein del av Stryn kommune frå 01.01.2020. Det er kommunal- og moderniseringsdepartementet som tek endeleg avgjersle i saka.</p>	Fellesnemnd

Aktivitet 6. Heraldikk – sak til FN	Ansvarleg oppfølging
<p>Per i dag har temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk sitt mandat heimla i vedtak frå dei respektive kommunestyra i Hornindal (sak PS 006/17) og Volda (sak PS 21/17).</p> <p>Prosjektleiaren ser på det som ønskeleg om at komiteens mandat vert forankra med vedtak i Fellesnemnda, ettersom kommunestyra ikkje lenger har vedtaksmynde for samanslåingsprosessen etter Fellesnemnda si offisielle konstituering 20. juni 2017.</p> <p>Prosjektleiaren bad kommunikasjonsrådgjevaren om å førebu ei sak på dette til første møte i Fellesnemnda etter nyttår.</p>	JR

Aktivitet 7. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Julebrev 2017</b> For første gong har dei to rådmennene gått saman om å sende ut felles julebrev til dei tilsette i både Hornindal og Volda.</li> </ul>	

Møtet slutt kl. 12:05

Grodås, 18.12 2017



*Joakim Rødven*  
Kommunikasjonsrådgjevar  
Samfunn og Rådgjeving  
Tlf 482 29 993  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)